

CIRCLE OF LIFE

KVA?

Sirkulærøkonomi vert skildra som ei reell berekraftig utvikling der ressursane går inn i eit krinslaup med lengst mogleg levetid, framfor dagens "bruk og kast"-mentalitet (lineærøkonomi).

I dag er kunnskapen på feltet fragmentert og teoretisk. I denne etasjen vert miljøet samla og får inn publikum, som kan bidra både til praktisk endring og idéskapning.

Samfunnet møter (og skapar) ein sirkulærøkonomi. Ved å samla eit fagmiljø, bedrifter og frivillige kan ein bidra til praktisk endring og nye idear for korleis få til ein meir berekraftig økonomisk modell.

KVIFOR?

Me har eit forbruksmønster som ikkje er berekraftig, der det lønar seg økonomisk for forbrukaren å kjøpa langreiste varer som ikkje er laga for å vara. Desse varene er verken berekraftig eller etisk produsert, men me vert framleis oppmoda til å kjøpa meir for å halda økonomien i gang.

Det løner seg å kjøpa nye varer framfor å reparere det ein allereie har. Samstundes er det mange bedrifter som ser behovet og jobbar for å finne nye modellar som er berekraftige både økonomisk og for miljøet.

EU har skjönt at ein lineær økonomisk modell ikkje er berekraftig og har kome med ein handlingsplan for ei ressurseffektiv økonomisk utvikling i Europa. Noreg har framleis ikkje noko nasjonal strategiplan, slik til dømes Danmark har.

Delingsøkonomien er i ferd med å endre våre forbrukarvanar, men desse modellane er ofte basert på internett og appar. For å finne nye løysingar må folk møtast.

Etasjen skal innehalde:

- Kontor – til fagfolk og masterstudentar
- Møtelokale (til workshops og debattar)
- Ein fiksesal (til bruk av publikum ved hjelp av Røde Kors og Tise)
- Utstillingslokale og kontor for Tise
- Kaffibaren Fuglen
- Gruten – eit utstillingsvindaug for korleis avfall kan utnyttast

KVEN?

Området skal vere eit fleirbruksområde, som inviterer til bruk av både fagpersonar og privatpersonar. Ved å få eit område som kan brukast både på dag- og kveldstid får ein utnytta ressursane mest mogleg.

Cirkular Norway

Cirkular Norway skal stå for fagkunnskapen. Dei bør få kontorplassar, der det òg er plass til studentar som tek mastergrader knytt til sirkulærøkonomi.

I tillegg til kontorlokale får Cirkular Norway og masterstudentane tilgang til møtelokale og grupperom der dei kan halde workshops eller ha møter. Desse romma er òg tilgjengelege for dei andre aktørane: Røde Kors, Tise, Fuglen og Gruten.

TISE

Gjengen bak suksessen Tise er unge, lovande gründerar som har vist stor evne til å sjå og utvikla nye forretningsmodellar. Dei er flinke på nett og sosiale medium, men her får dei ei ny utfordring: Å skapa eit kreativt visningsrom som trekk til seg målgruppa deira.

Delingsøkonomien er i store trekk ein suksess, men føregår for det meste på nett. Med å få eit visningsrom og ein fiksesal får ein folk til å møtast og utveksle informasjon og erfaringar og knytte kontaktar andlet til andlet.

RØDE KORS

Fiksesalen er ein grunnstein i konseptet. Den skal vere sirkulært forma midt i lokalet og ha glasveggar, slik at folk kan sjå inn på tilbodet og verte inspirert til handling.

Frivillige frå Røde Kors (som er gode på å skapa møteplassar) skal lærast opp til å bruka verktøyet: Symaskiner, snekkerutstyr, 3D-printar og kanskje skjerebrennar. Desse kan ta imot personar i opningstida, som anten vil fikse eller lage noko, utan å gå til storinnkjøp av utstyr, som seinare vert ståande i den overfylte kjellarboden.

Salen skal inspirere og lære folk å ta vare på dei ressursane dei har. Denne er òg tilgjengeleg for gjengen i Tise (og deira kundar, som kanskje vil sy opp ei bukse dei har).

Salen skal vere ein fysisk møtestad der ein utviklar praktisk kunnskap, inspirasjon og idear som kan bidra til endring i forbruksmønster. Kanskje kan det òg vere eit tilbod som motverkar einsemd.

Kaffefuglen

Konseptet Kaffefuglen er ein internasjonal suksess som har ein uttalt ikkje-kapitalistisk marknadsideologi. Dei bør få eit romsleg område der folk som jobbar i bygget eller kjem utanfrå kan kome og slå i hel tid.

Området skal innby til å sitje i timesvis dersom du ventar på eit tog som aldri går og kan òg fungere som utstillingsrom for det som skjer i etasjen. Kaffi er på same måte som Tise viktig for å lokka folk utanfrå inn.

Gruten

Bedrifta Gruten har gjort suksess med å dyrka østerssopp og laga mellom anna såpe og skrubb av eit avfallsprodukt, eit godt døme på korleis ein kan bruka ressursane lenger slik at dei ikkje forsvinn ut av krinslaupet så fort. Dette er sirkulærøkonomi i praksis og fortener eit slik utstillingsvindaug, der dei òg kan inspirera andre.